

PROTOKOLL NR. : 01 09-11

FRÅ : ALPINKOMITEEN

STAD/DATO : Skei, 13. august 2009

TIL STADES : Lilly Schøyen, Rune Espe, Atle Hamar, Martin Hopland og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL : Roar Birkeland

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 01 09-11 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Sak 02 09-11 **Konstituering/ ansvar- og oppgåvedeling**
Sak 03 09-11 **Rapport frå NSF sitt Vår møte på Gardermoen, 05.-06. juni 2009**
Sak 04 09-11 **Terminliste 2010**
Sak 05 09-11 **Orientering om arbeidet med etablering av Toppidrett Programfag
Alpint v/ Sogndal vidaregåandeskule**
Sak 06 09-11 **Orientering om Fjord1 samlingane/ krinslaget**
Sak 07 09-11 **Orientering om økonomi- og sponsorsituasjonen**
Sak 08 09-11 **Rekneskapsrapport pr. 31.07.2009**
Sak 09 09-11 **Handlingsplan 2009-2010**

Eventuelt

Sak 01 09-11 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.

Vedtak
Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 02 09-11 **Konstituering/ ansvar- og oppgåvedeling**
Bakgrunn

- Val av nestleiar
- Val av medlem til anleggskomiteen:
- Val av medlem til utd./ utv. komiteen:
- Økonomi- og sponsoransvarleg
- Sportsleg-/ samlingsansvarleg

Vedtak
Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar: Rune Espe
- Medlem til anleggskomiteen: Martin Hopland
- Medlem til utd./ utv. komiteen: Roar Birkeland

- Økonomi- og sponsoransvarleg: Atle Hamar
- Sportsleg-/ samlingsansvarleg: Rune Espe

Sak 03 09-11

Rapport frå NSF sitt Vår møte på Gardermoen, 05.-06. juni 2009

Bakgrunn

Alpinkomiteen i Norges Skiforbund avvikla sitt Vår møte på Gardermoen 05.-06. juni 2009.

Leiar orienterte på følgjande punkt:

- Status i økonomi; mangel på økonomiske midlar fører til nedlegging av utviklingsprogrammet til NSF,
- Spelemidlar til utstyr; b-nett kjem inn på ordninga
- Nye bestemmelsar frå FIS
- FIS-terminliste
- NSF ynskjer å satse på fire utviklingsmiljø kombinert med vidaregåande utdanning; Oppdal, Dønski, Hovden og Geilo
- Innkomne forslag:
 - Fjerning av utfordelen under HL – saka fekk ikkje gjennomslag
 - Auke kvotane på LF 12/ 13 år – saka vart trekt

Vedtak

Teke til orientering.

Sak 04 09-11

Terminliste 2010

Bakgrunn

Framlegg til terminliste for kommande sesong er sendt til høyring i laga 15. juni med svarfrist 30. juni 2009.

Frå laga er det komt inn følgjande innspel til terminlista:

Førde IL, alpingruppa

Førde IL Alpin har i styremøte 28.06.2009 vedtatt å fremme vedlagt endringsframlegg til terminlista 2009/2010:

Endringsforslaget i korte trekk:

- Stryn og Sogndal bytar helg/arrangement (sesongstart på Stryn, KM til Sogndal)
- Utvikfjellet og Jølster byter helg (Utviken hadde ikkje eit betydningsfullt renn. Jølster har tross alt FIS-renn)
- Harpefossen ei veke seinare, og KM Super G flytta til søndag
- Grotlirena ei veke tidlegare

Generelt meiner vi også alpinkomiteén bør vurdere korvidt 2 kvalikrenn i Super G gir for lite fartstrening.

Førde IL Alpin meiner at det ideelle hadde vore 4 kvalikrenn i kvar disiplin SL + SSL + SG.

Sogndal IL, alpingruppa

Merknader:

Reagerer litt på at Stryn får tildelt KM utan at dei har hatt noko arrangement på fleire år visst ein ser bortifrå Grotli "sjåvet")

Stryn T&IL, alpingruppa

Hei Yngve

Ref. telefonsamtale nettopp.

- *Kvalikrenn i januar istedenfor KM i mars i Stryn er OK siden det er ca. like mange deltakere*
- *Grotlirenn 17. – 18. april istedenfor helga etterpå er OK – har avklart det pr. telefon med Are på Grotli*
- *Fjord 1-cup onsdag 20. januar i Stryn bør vurderes flyttet til onsdag 10. februar siden vi da har hatt renn i helga 16.-17. januar – må tenke på de som er med og arrangerer. BBIL har Fjord 1-cup på Utvikfjellet onsdag 10. februar – dette kan da flyttes til onsdag 20. januar. Stryn og Utvikfjellet bør altså bytte datoer på Fjord 1 cup.*

Breimsbygda IL, alpingruppa

Viser til terminliste alpint.

BBIL søkte om kvalikrenn og har ikkje fått dette. Dette synest vi er synd. Det er viktig å fordele viktige arrangement best mogleg å syte for at ein motiverer flest mogleg av arrangørane. Det er heller ikkje gunstig for oss at dei to arrangementa vi har fått kjem så tett (tre renn i løpet av tre veker).

Jølster IL, alpingruppa

Vi i Jølster Alpint har ikkje gitt fråsegn vedrørende terminlista for kommande sesong enno. Vi støttar framlegget til terminlista slik den føreligg utan nokon endring.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gje Utvikfjellrenna status som kvalik. renn, i tillegg blir renna flytta til 20.-21. februar 2010.

Grotlirenn blir flytta ei veke fram til 17.-18. april 2010.

Blomliarenna blir flytta til 23.-24. januar, medan Bjørkelirenn blir flytta til 30.-31. januar 2010.

Terminlista blir teke opp til endeleg handsaming i samband med Haustmøte 2009.

Sak 05 09-11

Orientering om arbeidet med etablering av Toppidrett Programfag Alpint v/ Sogndal vidaregåandeskule

Bakgrunn

Viser til tidlegare drøftingar og arbeid med etablering av Toppidrett Programfag.

Kva er Toppidrett Programfag Alpint?

Toppidrett Programfag Alpint er for unge idrettsutøvarar som ynskjer å satse

på målretta og systematisk trening innan alpint. Gjennom Toppidrett Programfag skal ungdomar få moglegheit til å kombinere vidaregåande opplæring med alpint på høgt prestasjonsnivå, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Skikrinsstyret og alpinkomiteen har tidlegare gjort vedtak om at Toppidrett Programfag Alpint bør lokaliserast v/ Sogndal vgs.

Orientering om arbeidet

Sogndal vgs. har sendt søknad til fylkeskommunen om regionale utviklingsmidlar m.o.t. å kunne utvikle eit slikt tilbod med oppstart skuleåret 2010/ 2011.

Søknaden er basert på grunnlaget som Sogn og Fjordane Skikrins har laga. Dessverre har Sogndal vgs. fått avslag på søknaden i første runde, men ass. rektor Per Arne Strand arbeider vidare med søknaden m.t.p. neste søknadsrunde.

Elles har Sogndal vgs. gjennomført samtalar med Even Hole som aktuell trenar i eit slikt tilbod, men Even sitt engasjement er fortsatt uavklara.

Vedtak

Teke til orientering.

Sak 06 09-11

Orientering om Fjord1 samlingane/ krinslaget Bakgrunn

Påmelding

- Juvass, 04.-07. sept.: 29 utøvarar
- Hintertux, 04.-11. okt.: 26 utøvarar
- Hafjell, 28. nov.-01. des.: 68 utøvarar
- Hafjell, 02.-05. jan.: 68 utøvarar

Overnatting/ opphald

I samband med dei ulike samlingane er det tinga overnatting slik:

- Juvass, Nordal Turistheim & Motell; frå 03.-07.09.2009
- Hintertux, Hotel Tirollerhof; 04.-11.10.2009 (bestilt av Kjus Rennskule)
- Hafjell, Alpinlandsbyen; 27.11.-01.12.2009
- Hafjell, Alpinlandsbyen; 01.01.-05.01.2009

Trenarar

Kjus Rennskule stiller med trenarar til 3 grupper, dvs. at ein ikkje har behov for lokale trenarar i samband med samlinga på Juvass og Hintertux.

Alpinkomiteen stiller med trenarar til gruppe 4 og 5 i samband med samlingane på Hafjell.

Krinslaget

Krinslaget i alpint består denne sesongen av 20 utøvarar med Rolle Johanson (hovudtrenar ski) og Jon Arild Halland (hovudtrenar barmark) som trenarar.

Ein har lagt opp til følgjande samlingsplan:

Stad	Dato	Type samling
Sogndal	07.-09. august 2009	Barmark
Juvass (Fjord1 samling)	04.-07. september 2009	Ski
Førde/ Jølster	18.-20. september 2009	Barmark
Austerrike, Hintertux (Fjord 1 samling)	05.-09. oktober 2009	Ski
Eid/ Haugen	06.-08. november 2009	Barmark
Hafjell (Fjord1 samling)	28. nov. – 01. des. 2009	Ski
Hafjell (Fjord1 samling)	02.-05. jan. 2010	Ski

Første samlinga med krinslaget vart gjennomført i Sogndal 08.-09. august, og tilbakemeldingane frå samlinga er særdeles gode.

I tillegg til samlingane ovanfor får FIS-løparane tilbod om eit organisert opplegg i samband med følgjande FIS-renn og nasjonale meisterskap:

Type arrangement	Stad	Dato
FIS, Geilo: Herrar, SSL/ SL	Geilo	20.-22. november 2009
FIS, Geilo: SSL/ SL	Geilo	10.-13. desember 2009
FIS, Oppdal: SSL/ SL	Oppdal	07.-10. januar 2010
Fartsveka Hafjell	Hafjell	18.-24. januar 2010
FIS, Jølster/ Voss: SSL/ SL	Jølster/ Voss	24.-28. februar 2010
(Telenorleikane 2010)	(Oppdal)	(26.-28. mars 2010)
(Hovudlandsrennet 2010)	(Hafjell)	(13.-19. mars 2010)
NM junior I, Geilo: SSL/ SL	Geilo	10.-11. april 2010
NM junior II, Hovden: SSL/ SL	Hovden	12.-15. april 2010

I samband med renna ovanfor organiserar skikrinsen felles overnatting til løparar og støtteapparat. I tillegg stiller skikrinsen med hovudleiar ifbm. arrangementa.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer samstundes vedtak om at Rune Espe følgjer opp Kjus Rennskule og aktuelle lokale trenarar til samlingane på Hafjell.

Vidare tek Atle Hamar kontakt med Førde Sport og Rune Espe tek kontakt med Beyond i samband med bekledning til krinslaget.

Det skal i tillegg oppnemnast ein representant utanfor komiteen som skal ha ansvar for opplegget i samband med FIS-renna. Adm. følgjer opp aktuelle kandidatar.

Sak 07 09-11

Orientering om økonomi- og sponsorsituasjonen

Bakgrunn

Samarbeidsavtalen med alpinksomiteen sin hovudsponsor, Fjord1 gjekk ut 01. juni, men avtalen blir forlenga i ytterlegare to evt. tre år.

Framlegg til avtaleutkast er sendt til i Fjord1 i slutten av juni, og ein ventar no på tilbakemelding frå konsernet.

Dei økonomiske rammene i avtalen er førespegla til kr. 100 000,- pr år i ein to evt. tre-årig avtale.

Samarbeidsavtalen med Jobzone Førde går ut våren 2010, det er difor viktig at ein i løpet hausten 2009 startar arbeidet med reforhandling av denne avtalen.

Dei økonomiske rammene i avtalen med Jobzone Førde er kr 50 000,- i skisesongen 2009/ 2010.

Vedtak

Alpinksomiteen tek saka til orientering, og gjer samstundes vedtak om at Atle Hamar og adm. følgjer opp arbeidet med samarbeidsavtalane.

Sak 08 09-11

Rekneskapsrapport pr. 31.07.2009

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.07.2009 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rapporten.

Vedtak

Teke til orientering

Sak 09 09-11

Handlingsplan 2009-2010

Bakgrunn

Handlingsplanen til alpinksomiteen skal byggje på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2009-2013 (vedteken på Skikrinstinget 11. juni 2009).

Strategiplanen dannar såleis grunnlaget for greinkomiteen sin årlege handlingsplan.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og handlingsplanen skal ha prioriterte tiltak for å følgje opp strategiplanen sine mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden skal gje oss størst mogleg grad av måloppnåelse.

Vedtak

Alpinksomiteen gjev leiar og adm. fullmakt til å utarbeide handlingsplan for perioden 2009-2010. Handlingsplanen skal endeleg godkjennast av Skikrinsstyret i møte 28.-29. august 2009.

Eventuelt

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, alpinkomiteen

Ref.

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef